

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 10.06.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen

SAKA GJELD: Forslag til mandat samarbeid kommunar og Helse Fonna

ARKIVSAK:
STYRESAK: 038/16

STYREMØTE: 17.06.16

Administrerende direktør si orientering pkt. 9

Arbeidsgruppe samhandling kommunar – Helse Fonna

Det er i dag to KAD-senger (kommunale akutte døgnplassar) lokalisert ved Odda sjukehus som ein del av eit samarbeid mellom kommunane Jondal, Ullensvang og Odda. Alle kommunar i landet er gjennom samhandlingsreforma pålagt å opprette denne form for helsetilbod til innbuarane.

I møte mellom varaordførar i Jondal kommune, ordførar i Ullensvang herad, ordførar i Odda kommune og administrerende direktør i Helse Fonna den 23.05.16 var det semje om å forlenge den eksisterande avtalen om drift av interkommunale KAD-senger ved Odda sjukehus inntil vidare.

I møtet mellom partane blei det òg semje om å opprette ei arbeidsgruppe med representantar frå dei tre kommunane og Helse Fonna for å vurdere utviklingsmoglegheiter og synergjar innan legevaktssamarbeid og drift av dei kommunale KAD-sengene i Odda.

Mandat for arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa skal drøfte moglegheiter for å utnytte KAD-sengene betre og kome med forslag til vidare driftsform.

Arbeidsgruppa skal vurdere lokalisering av interkommunal legevakt og eventuelt legesenter ved Odda sjukehus eller sjukeheimen i Odda og kome med forslag til vidare driftsform.

Det må for begge områda vurderast konsekvensar for sjukehusdrift, andre leietakarar, tilgang for pasientar, tilgang for ambulanse og løysningar for parkering. Vurderingane må grunngjevast med bakgrunn i gjeldande Lov og forskrift, nasjonale og regionale føringar som samhandlingsreforma, akuttmeldinga, nasjonal helse- og sjukehusplan og utgreiingar som følgje av denne.

I vurderingane skal omsynet til pasienten stå i sentrum. Pasienttryggleik, arbeidsmiljø, kvalitet og kompetanse må ivaretakast i endeleg forslag frå arbeidsgruppa. Vidare skal samarbeid om pasientbehandling i kommune og helseføretak innan somatiske helsetenester, psykisk helsevern og rus vektleggjast i arbeidet.

Arbeidet skal ferdigstillast innan 31.12.16. Tilrådingar frå prosjektet og eventuelle endringar i samarbeidsavtalar skal handsamast politisk i kommunane og av styret i Helse Fonna HF.

Forslag til samansetjing av styringsgruppe

Rådmann i Jondal kommune
Rådmann i Ullensvang herad
Rådmann i Odda kommune
Adm. dir. i Helse Fonna

Forslag til samansetjing av arbeidsgruppe

2 representantar frå Jondal kommune
2 representantar frå Ullensvang herad
2 representantar frå Odda kommune
Tillitsvald frå Den norske legeforening frå kommunane
Seksjonsleiar somatikk ved Odda sjukehus
Seksjonsleiar internservice ved Odda sjukehus
Tillitsvald frå Helse Fonna
Representant frå vernetenesta i Helse Fonna